

## Forskrift om hundehald

**LÆRDAL:** Kommunestyret i Lærdal vedtok torsdag forskrift til lov om hundehald. Forskrifta, som er utarbeidd av felles landbrukskontor for Aurland, Lærdal og Årdal, er ei lokal forskrift gjeldande for dei tre kommunane. I høve lov om hundehald, er forskrifta skjerpa når det gjeld bandtvang. Det blir heretter bandtvang i perioden 1. april til 1. november i dei tre kommunane.

## Hjort vart påkøyrte og drukna

**FEIOS:** Klokka kvart på åtte fredag morgon fekk politiet melding om ei hjortepåkøyrse i Feios. Hjorten hoppa på fjorden etter kollisjonen og drukna. Vilt-nemnda i Vik er varsla, opplyser politiet.

## Har fått ny vaksineforsyning

**LUSTER:** Allereie førre fredag melde Luster at kommunen var gått tom for svineinfluensavaksine, etter at om lag ti prosent av innbyggjarane var vaksinerte. No opplyser kommunelege Knut Cotta Schønberg at fleire vaksinedosar er komne i hus, og at vaksininga av risikogrupperne held fram neste veke. Måndag 16. og onsdag 18. november kan alle i risikogrupper møte opp på helsestasjonen i Gaupne for å få vaksine. Dette gjeld òg folk med kols og astma, som har periodevis behandling og som tidlegare har måtta venta på vaksine, skriv Cotta Schønberg på heimesidene til kommunen. Torsdag 19. november vert det vaksining av helse- og omsorgspersonale som tidlegare ikkje har fått vaksine.

# ar med ksjon

## Ungdomar aksjonerte mot kraftutbygging

**GAUPNE:** Sosialistisk ungdom hang opp banner på rådhuset.

Indre Sogn Sosialistisk Ungdom aksjonerte torsdag 12. november mot den planlagde utbygginga av vestsideelvane og Vigdøla i Jostedalen.

### Mistar urørd natur

Rådhuset i Gaupne vart dekorert med eit banner, og det vart elles hengt opp plakatar fleire stader i kommunesenteret. Teksten på rådhusbanneret var: «Ta vare på det som er naturen sitt! Lat jostedalselvane renna fritt!»

– Elvane i Jostedalen er alt hardt utbygde, og om det vert noko av denne utbygginga, vil dalen mista mykje urørd natur. Framtidige genera-



**MOT UTBYGGING:** Indre Sogn Sosialistisk Ungdom aksjonerte torsdag mot utbygging av vestsideelvane og Vigdøla i Jostedalen. (Foto: Privat)

sjonar mistar då høvet til å oppleve denne naturen, seier Ingeborg H. Elgersma, som deltok i aksjonen, i ei pressemelding.

### Må seia nei

Ho meiner at kommunen alt no må seia nei på prinsipielt grunnlag, sjølv om det enno

tek ei stund før konsekvensutgreiinga kjem.

– Store delar av dei norske vassdraga er utbygde, og me er nøydde til å ta vare på det vesle me har att av urørt natur, oppmodar ho.

Birthe Johanne F. Finstad  
birthe@sognavis.no

